



Mannen med snøfonna Mannen sett frå San'en. (Foto: Torfinn Myklebust)

Nettavisen uskedalen.no har opna for ein diskusjon om snøfonna i Mannen. Kanskje kan ho vera ein forhistorisk skapning og har tydelegvis dermed sett fantasien til Ragnvald Myklebust i sving.

Men det er slik som Einar Gjertsen seier at snøfonna vert kalla Skjortefonna. Spesielt vert namnet nytta av folk frå Eik og Steinsletta, dei på 'andre sida' av elva, dei næraste naboane til snøfonna. Når så snøfonna er smelta bort om sommaren, seier dei skjortefonnbakkjen der det grønast etter fonna.

I sentrum i Uskedalen har ein derimot, i alle fall i oppveksten min, alltid sagt Mannen om denne snøfonna. Ei kjelde frå Eik trur kanskje også snøfonnas likskap med ein mann, kan vera grunnen til at fjellet har fått namnet Mannen.

Dronninga, som ein innflyttar kallar snøfonna, kan vel vera greitt nok, men det er ikkje uskedalsk...

Noko anna med dette fjellet er korleis enkelte skriv fjellnamnet, også 'uskedalen.no': Manen - med ein n. Tidlegare var den vanleg skrivemåten i alle fall Mannen - med to n-ar. Kvifor nokon har gått over til ein annan skrivemåte, manen, er ikkje heilt klart. Er det kanskje utfrå at enkelte ser fjellet lik ein man på ein hest?

I dei fleste kjelder er namnet Mannen brukt. Forfattaren Arne Stuland brukar Mannsfjell i boka 'Kvinnherad' som kom i 1924. Han skriv om at Eikedalen skjer seg frå Storsund ... 'inn millom Englefjell og Mannsfjell'.

På dagens kart til nettstaden 'fonnakart.no' for Kvinnherad kommune står det Mannen. I Erling Vaages 'Kvinnherad 1 Bygdesoga' frå 1972 står det Mannen. Det brukar også NAF Veibok, og på andre stader finn vi same skrivemåten.

Det rette vert vel då Mannen i Mannen!!

2.11.2020

Uskedal Utvikling

Og høgda er vel framleis 1006 meter!

Torfinn Myklebust